

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2007

- Kvinneleg prest
frå Varhaug
- 4H 30-års
jubileum
- Utstilling
på Lerbrekk
- Julegrana vert
tend fredag
30. november
- Bonde- og byg-
dekvinnelag
har julemøte
6. desember
- Vennelaget for
Lerbrekk skule
har julefest
28. desember

God jul og godt nyttår!



Første kvinnelege prest frå Varhaug

Inger Marie Jakobsen Sylte frå Varhaug vart vigsla til presteteneste 16. september i Tresfjord Kyrkje saman med ektemannen, John Sylte. Ho er så langt me veit den fyrste kvinne frå Varhaug som er ordinert til presteteneste. Det var Biskop Odd Bondevik som foretok vigslinga.

Inger Marie vaks opp på Varhaug, og ho har vore aktiv på Misjonshuset og i kyrkja på Varhaug. Då ho studerte kristendom i Trondheim, traff ho John Sylte. Han er frå Vikebukta rett overfor Molde,- og der er dei no busett.

Dei to studerte teologi i Oslo, han på teologisk fakultet ved Universitet og ho på Menighetsfakultetet. Og baa to er no i presteteneste i Møre Bispedøme. (Sjå innslag frå Sunnmørsposten)

Dei har ein gut på snart 4 år og ei halvanna år gamal jente.

Kvifor ville du verta prest?

Då eg byrja studie, kristendom grunnfag i Trondheim, kjente eg at dette var noko eg ville lera meir av.

Etterkvart som studieåra gjekk, freista yrket meir og meir. Det å vera prest virka som ein utfordrande og spanande jobb. Kontakten presten får med familiar og folk i alle ulike situasjonar i livet er ei spesiell side ved jobben.



Det er godt å kunne snakke om trua som betyr mykje for meg. Mitt ynskje som prest er at andre også skal kjenna trua betydningsfull for seg sjølve!

Du har halv stilling som prest og skal i tillegg jobbe med trusopplæringsprosjekt i Vestnes kommune. **Korleis vil du gripe an dette med trusopplæring?**

Eg er prosjektmedarbeider for tiltak til

barn i alderen 0-12 år. Arbeidet er knytt opp mot ein prosjektbeskrivelse som omhandlar å formidle bibelhistorier og påpeike vårt ansvar for skaperverket.

Me ynskjer også at dei døypte skal få ein meir lokal tilknytning til kyrkja. Alt er organisert slik at dei vil få tilbod to gonger. 0-1 år er det baby song, 2-3 år skal det arrangerast pinsefest i kyrkja, 4-5 år er det undretur i fjøra, 6-7 år skal bli med å øve

NORGESHUS
Varhaug

BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s

Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hrd.no

V Å T R O M S G O D K J E N T

Jæren Flis & Skifer as

Erik Jessen
Meierivegen 4G, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 55 78 Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 E-post:
ej@hesbynett.no

FLISER • SKIFER • MUR • BENS

inn eitt julespill, 8-9 år skal få bygge gapahuk, 10-11 år skal få bli med på fisketur, 12 år skal få bli med på overnattingstur i fjellet.

Forstår dei språket,- ein jærbu som talar til folk frå Romsdal?

Har enda ikkje høyrte det motsatte:) så det er ei fin og tydeleg dialekt me har;)

Utklipp frå Sunnmørsposten 17/9:

Historisk prestevigsling

For første gong i Møre bispedømme vart eit ektepar søndag innvidd til preter i Den norske Kyrkja samstundes

Skrevet av: Johan Behrentz mandag 17. sept 2007

-Vi får arbeide litt fleksi, seier Inger Marie Jakobsen Sylte og smiler til mannen John Sylte.

Dei har to små barn som fekk sitje på besteforeldra sine fang medan mor og far stod i sentrum for den høgtidlege og heilage handlinga i Tresfjord kyrkje.

- Et har vore med på sauesanknig, og veit at det er eit strevsamt prosjekt. De er kalla til å vere hyrdar som skal ha tilsyn med kyrkjelyden. Vondskapen spreier, medan den gode hyrden samlar flokken, sa biskop Odd Bondevik mellom anna under innvielsestalen. Han streka under at ein hyrding ikkje skulle samle til einsretting.

Gode beitemarkar

- Som ulike menneske skal vi få vere eitt i trua på Kristus, sa biskopen, som

Vi ønskjer den første kvinnelege presten frå Varhaug lukke til i tenesta. Det kan verta ei travel tid for prestefamilien, for John har si preste teneste ein times biltur unna heimen mot Ålesund, medan Inger Marie er prest ein times biltur i motsatt lei og har konfirmentar og dåpsopplæring i nærmiljøet.



Inger Marie Jakobsen Sylte i altarringen i Tresfjord kyrkjew

samanlikna dei gode beitemarkene med **Guds gode ord.**

Etter forbønshandlinga, der prestane og kyrkjelege tilsette og frivillige var med, heldt Inger Marie Jakobsen Sylte søndagens preike. Ho oppmoda kyrkjelyden til først å søkja Guds rike.

- Det er medisin mot bekymringssjukdom, sa den nye presten. Ho meinte kyrkja var rette staden for dei som ville finne guds kjærleik.

Ektefellen forretta nattverden i den nyoppussa kyrkja. John Sylte har familiære tilknytning til Vestnes.

Familien bur no på Vikebukt. John er vikarprest i Sula, medan Inger Marie vikarierer som kapellan i Grytten, samstundes som ho er prosjektmedarbeidar for dåpsopplæringa på Vikebukt.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bridgeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset Sekretær

Ingunn Helen Reiestad, bondelaget

Kasserar

Jone Bryne, 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varamedlem

Sverre Ånestad, fråhaldslaget

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - (1906-1978).

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekleknad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Haustfest i Svala 4H



Svala 4H hadde haustfest og 30-års jubileum den 19. oktober i år. Det var dekket til fest på Varhaug barneskule. Rundt 100 gjester var saman med klubben om feiringa denne kvelden.



32 medlemmar stilte i år ut flotte 4H prosjekt. Blant oppgåvene fann vi eit breitt spekter, blant anna husdyr, fotografering, baking, sport og historie. Maten som vart servert var god, vi hadde stroganoff med ris og salat. Etterpå var det kaffi og kake for å feire 30 årsjubileumet.

Under middagen var det åresal. Gevinstane var her 4H artiklar og fruktkorger. Store deler av fortjenesta på årene har Svala valgt å senda til 4H sitt hjelpeprosjekt i Kamerun.

Underhaldninga bestod av leiker, dans og sketsj. Det var medlemmane sjølve som stod for dette.

Som seg "hør og bør" når nokon fyller året, fekk alle medlemmane i klubben ein gåve på slutten av festen. Svala medlemmane fekk kvar si "rykande ferske"

t-skjorte. Motivet hadde 2 av medlemmane laga tidlegare i år.

Dei som fekk pokalar for best gjennomført oppgåver var: Hanne Borsheim, som fekk pokal frå Varhaug Bondelag, Miriam Dybing som fekk av Varhaug Bygdekvinnelag og Guri Bratland frå Varhaug Bygdeungdomslag.

Ingfrid Viland



Nytt 4H-år - nye sjanser



Møt opp til Grautfest/
juleverkstad måndag
10. desember på
Varhaug ungdomsskule
kl. 18.00. Både nye og
tidlegare medlemmer
er velkomne! Val av 4H
prosjekt.

Går du i 4. klasse eller meir kan du
altså bli medlem hjå oss. Det blir ikkje
stilt spesielle krav til å bli medlem,
du kan meine og ha interesse for det
meste. Kom å sjå då vel!

Som 4H medlem må du løyse eit
praktisk 4H-prosjekt i løpet av året. I
gjennom prosjekta lærer du mykje nytt.
Det er mange ulike prosjekt å velja i
mellom, slik at alle skal kunne finne eit
emne som passar. Du blir kanskje ikkje
ekspert etter å ha løyst eit 4H-prosjekt,
men 4H-ere lærer ved å gjera, og kan
dermed bli flinkare til mange ting.

Det er elles tilbod om både kurs og
leirer. Første tilbudet til medlemmane
er det populære Storkurset som blir
arrangert på Mosterøy 7.-9. mars 2008.
Aldersgrense er 12 år (født i 1996 eller
før).

4H-klubbane i Hå arrangerer Aspi-
rant- og junior leir for dei i aldersgrup-
pa 10-12 år. Fylkesleiren neste år skal
klubbane i Hå arrangera på Nærland.
Det blir nokre aktive dagar fra 20. - 23
juni 2008 ved sjøen. Vi reknar med

opptil eit par hundre leirdeltakar til
Jæren i aldersgruppa 12-19 år. Det skal
bli kjempe gildt! Eg reiser...., slår du
følge?

Dersom du fyller 14 år i 2008 kan du
reise til "Landsleir i blått - Austrått
nullått". Leiren skal være i Sør-Trønde-
lag, på Austrått gård i Ørland kom-
mune 26. juli - 2. august.

Dei fleste som har vore på leirer og/el-
ler kurs ein gong tykkjer leir/kurs livet
er topp, og deltek år etter år.

På www.n4h.no kan du finne meir
informasjon om 4H og 4H prosjekta.

Det nye styret til Svala 4H for
2007/2008 er:

Leiar :	Guri Bratland, tlf. 99 52 08 43
Nestleiar:	Christine Sikveland
Sekretær:	Ingbjörg Bratland
Kasserar:	Ingfrid Viland
Styremedlem:	Helene Ånestad Marte Hauge Auestad
Varamedlem:	Ruth Alice G. Håland
Klubbrådgjeverar:	Brit Elisabeth Bratland , Jon Lea May Helen Skretting- land.

Frå redaksjonen



Eg tykkjer ikkje
det er så lenge
sidan eg sat her og
skulle skriva noko
til det siste num-
meret i 06, men
eg må berre nok
ein gong erkjenne
at eit år er ikkje

langt, sjølv om det sidan då er kome
ut 4 nummer av Varhaugbuen.

Nå har me og hatt den første kraftige
stormen, sjølv om den nok ikkje vart
så hard som ein kanskje frykta. Det
bles ned nokre tre sjå naboen, men
utover det har i alle fall ikkje eg sett
nemnande skadeverk. Då var det
verre i september 69!

At det går mot kaldere tider har me
og fått merka, då det sist helg kom litt
snø. Ikkje nett så mykje, men så pass
at ungane i øvre del av bygda fekk
prøva rennebrett o.a.

Men nå har me hatt fleire flotte vind-
stille dagar med sol og klar himmel.
Det er mest ikkje til å tru at veret
kan endra seg så fort som det gjorde
frå søndag kveld til mandag morgon.
Men det er vel det som gjer Jæren så
fasinerande for oss alle.

Sjølv om eg ikkje er kome i julestem-
ning endå må eg likevel ynskja alle
lesarane ei fin julehelg og eit godt nytt
år. Når dette bladet kjem ut er det
ikkje mange dagane til første helga i
adventt.

Liv



SJAKK på Varhaug



Varhaug skulesjakklag er no delt i to, ein del på Varhaug skule, bomberommet, og ei gruppe på Vigrestad i det gamle biblioteket.

I skulesjakken for Varhaug er me i gang att på tysdagar. Vi startar klokka 1715 (kvart over fem) og sluttar klokka 18300 (halv sju).

Plakat har ikkje vorte satt opp, men det vert speling fram til 18. desember. Etter jul startar me opp 8. januar.

Me planlegg ei samling laurdag formiddag etter jul, der me samlar dei som speler skulesjakk i heile Hå til litt opplæring og ei lita turnering.

I regi av Rogaland skulesjakkutval vart skular i Hå kontakta og spurt om dei kunne stille med lag som speler mot andre skular i Hå eller nabokommunar i skuletida. Varhaug skule stiller med 2 lag, Motland skule med eitt, medan Vigrestad ikkje ville vera med. På Vigrestad er foreldra til dei ungane som er med i skulesjakklaget fortørna over at rektor ikkje ville la dei vere med. Etter nokre år med skulesjakk på kveldstid har me ein god del skuleelevar som speler bra sjakk.

Her er oppsettet, gruppe oversikt, (resultat er ikkje lagt ut på internett ennå, men i gruppe 3 vart Lye best.)

Gruppe 1	Kleppe	Engelsvoll	Røyneberg	Porsholen
Gruppe 2	Solås 1	Solås 2	Figgjo 1	Figgjo 2
Gruppe 3	Motland	Lye	Varhaug 1	Varhaug 2
Gruppe 4	Hafrsfjord 1	Hafrsfjord 2	Harestad 1	Harestad 2
Gruppe 5	Hafrsfjord 3	Hafrsfjord 4	Lassa	Auglend
Gruppe 6	Høle 1	Høle 2	Eiganes 1	??
Gruppe 7	Jåtten 1	Jåtten 2	Frøyland	Kvaleberg


Også skulesjakken på Vigrestad på torsdagar er i god gjenge. Her speler ein i det gamle biblioteket (rett ved jernbanen) frå 1730 til 1845. Og vaksne speler etter klokka 1900.

Det vert arrangert BGP (barans grand prix) turneringar der ein spelar mot andre i same aldersklasse. I haust har ingen frå Varhaug vore med, men 4 frå Vigrestad har hevda seg godt. Martin Nilsen vann si klasse i kretsmeisterskapet, og elles har Magne S. Hårr, Alexander S. Håland og David Gulaker gjort det flott.

2-3 november var det treningshelg på Ognatun, avslutta med ei BGP turnering med 46 deltakarar. Men her gjekk det ikkje heilt bra for klubben sine.

På Jæren sjakkklubb på Bryne (tredje etasje i M44) som samlas torsdager kl 1900 - 2130 er det plass til sjakkspelarar i alle aldre og kjønn. Ein har ikkje kome heilt i gang enno.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid





Utstilling på Lerbrekk

Så har me hatt ei triveleg helg igjen på Lerbrekk skule med utstilling av måleri og hardangersaum. Og ikkje minst eit festleg vertskap i kafeopplegget.

Ekteparet Malli B ergitte og Karsten Lode kom med sine fine produkt for å syna fram g selja lørdag 6.og søndag 7. oktober.

Sjølv om salet ikkje vart så stort, så vart det ei fin oppleving, fortel dei to. "Me fekk treffa så mykje kjentfolk me ikkje hadde møtt på lenge, og mange andre. Og tilbakemeldingane på det me har laga var gode"

140-150 personar var innom desse dagane, og Malli Bergitte og Karsten ga uttrykk for stor glede over alle som kom.

Karsten har vakse opp på Kalvarudlå, som høyrer inn under Lerbrekkgarden. Han har og vore elev ved skulen på Lerbrekk.

Etter at han vart pensjonist (67 år),lærde han seg å sy hardangersaum. Dette har han nå halde på med i 20 år.

Malli Bergitte er fødd Edland, og vaks opp på Ålgård der ekteparet og budde i mange år. I dag bur dei på Kvernaland.



Malli Bergitte sin interesse har vore måleri. Det starta med akvarell, men for rundt 10 år sidan gjekk ho over til oljemaling. Men ho har og prøvd ulike andre teknikkar.

Av alt det fine me fekk sjå på utstillinga, var det mange motiv frå naturen.

Takk skal de ha begge to for at me andre fekk denne gode opplevinga.

Kan og nemna at Karsten tidlegare har gjeve eit pyntehandklede i hardangersaum til Lerbrekk skule, som nå heng i "nøra" stova på skulen.

Sigbjørn

NYTT frå Misjonshuset

No er det full fart på Misjonshuset. Møteveker, basarar og samlingar for ulike aldersgrupper. Du er velkomen innom.

Av arrangement utanom dei faste no i desember og på nyåret kan nemnast:

28/11	kl 1930	DNT møte (Det Norske Totalavholdslag)
30/11-1/12		Julemesse for NMS
2/12	kl 1800	"På Kross og Tvers", storsamling for alle
4/12	kl 1800	Basar for Jæren Handicap Idrettslag
5-9/12	kl 1930	Møteveke for "Flymisjonen"
12/12	kl 1930	Møte med "Den Kristne Ambassade i Jerusalem"
16/12	kl 1300	Eldremiddag
16/12	kl 1830	"Vi synger jula inn"
26/12	kl 1900	Annendagsfesten. (Normisjon og Ungdomslaget arrangerer)
27/12	kl 1800	Juletefest for søndagsskulen
31/12	kl 1900	Nyttårsfest for ungdomslaget
5/1-2008	kl 1200	Auestadbasaren.
8-13/1	kl 1930	Møteveke for ungdomslaget

Og i januar vert det årsmøter for organisasjonane som eig Misjonshuset, 7.: IMF, 14.: Normisjon, 15.: NLM og 28.: NMS. Medlemar og interesserte er velkomne.

Sjå elles møteprogrammet for Misjonshuset, det finn du på oppslagstavler på handelslaget, SPAR og misjonshuset. Og på internett.

Internettsida til Misjonshuset er: www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid måndag og torsdag frå 1900 til 2100 og telefon er 51430808

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid





Hananja

- jubileumshelg 26.-28. oktober

Hananja er et kor som holder til på Varhaug Misjonshus. Koret ble startet i 1997 som et prosjekt kor til bruk i en møteserie. Nå har 10 år gått og koret lever i beste velgående. Navnet Hananja betyr "Herren er nådig" og Hananja er et vanlig mannsnavn i det gamle testamentet.

Jubileet ble feiret med konsert på Lørdagskvelden og jubileumsmøte med kake på Søndagskvelden. Dette var en flott helg med nye flott sang og musikk.

I dag er det ca 30 som synger og spiller i koret, og i løpet av 10 år så har over 100 personer vært innom koret. Vi øver annenhver onsdag og opplegget er slik at flest mulig skal ha tid til å være med.



Julegrantenning i Varhaug Sentrum

Fredag 30. november kl 18 tennes julagrana på torget. Ungdomskoret er med og leder allsang, juletrengang og andakt fra scenen ved rådhuset.

Om ettermiddagen åpner Coop Varhaug "pakkhuset", det gamle kraftförlageret med stor port ut mot parkeringsplassen. Der blir det stoler og bord, og fra kl 17 mulighet til å få kjøpt seg gröt, glögg eller pölse i regi av idrettslaget. Etter tenning av julegranen kan de minste komme og hilse på nissen som deler ut mandariner og kakemenn.

For de minste blir det og anledning til å sitte på med hest og kjerre. Möt opp ved Coop'en.



VARHAUGMARKEN

FOR 27. GANG!

FREDAG 6. OG LÖRDAG 7. JUNI. FREDAG 2008



Neste års marken er så smått under planlegging og vil foregå fredag 6. og lördag 7. juni, så det er bare å sette av denne helga allerede nå.

Vi satser også neste år på det tradisjonelle programmet med salgsboder i gata og underholdning av ulikt slag, men er alltid åpne for nye poster og innslag i programmet. Om akkurat

DU sitter med en god idé, eller har lyst til å delta med noe, kom med idéene!

Morten Tjemsland

Håvard Skretting

Gordon Bøe

Alise Ånestad

Heidi Dubland Bø

Julemøtet

til Varhaug bonde- og bygdekvennelag

torsdag 6. desember kl. 19.00

på Lerbrekk skule

Program:

Juleevangeliet og dikt.

Sang og musikk

Julegraut, lefsa og småkaker

Marie Ramvi fortel om gamle juleskikker.

Utlodning

Alle velkomne!

Husveg-krinsen



Juletrefest

Vennelaget for Lerbrekk skule har

juletrefest fredag 28. desember

– 4. dag jul kl. 18.30.

Dette er ei samling for heile familien,
og alle er velkomne

Varhaug

Fråhalslag

Dette er eit av laga som er medeigar i Varhaugbuen. Laget har vore "so-vande" ein del år, men nå er det ynskje om ein ny giv i laget. Difor hadde laget ei samling 28. November, og i neste nummer av Varhaugbuen får me sjå kva som kom ut av det møtet.

Strikke-

kafèen

Dette har vore eit populært tiltak frå starten, og siste gongen i år vert mandag 3. desember.

Då vert det i tillegg til "spødet", tid til litt julekos.

Internatet

har årsmøte

tirsdag 4. desember kl. 19.30



Handslag frå bonde til bonde

Rogalands-
bonden si hjelp til
bygder i Kamerun.
Prosjektet starta opp
som den såkalla
"Rogalandsgarden"
allereie i 1962 av
Bjørn Bue.

Arbeidet i Gadjiwan-
distriktet tok til i før-
ste del av 80 talet.

I 1995 starta arbeidet
opp i Galim distriktet.

Nå er arbeidet i desse
områda i ferd med å
bli overtatt av lokale
styresmakter, og det
er bestemt at U-lands-
prosjektet skal gå inn i
eit nytt område som
heiter Sambolabbo.




I dei siste 4 åra har Rogaland kvart
år overført kr. 175.000 til, prosjek-
tet, som har vorte finansiert slik:

- Rogaland bygdekvinne- og mest alle sokneråda i fylket har innsamling i samband med ei gudsteneste i bygda.
- 4H har aktivitetar i sine lag som gjev inntekter til prosjektet.
- Vinterlandbruksskolen på Jæren har prosjekt som gjev inntekter.
- Lokale bondelag har aktivite- tar som gjev inntekter og vert delt med dette prosjektet.
- Samarbeidsrådet for landbruks- organsasjonane i Rogaland har garantert for kr. 175.000 kvart år til prosjektet, og betaler dei årlege utgifter til kontorhald i Noreg.
- Rogaland Bondelag har sekretær- funksjonen for arbeidet i Noreg.
- Alle innsamla midlar går til prosjektet i Kamerun.

Her er noko av det som er opp-
nådd i Gadjiwan og Galim:

20 bruer er bygde, 30 brønner er
laga, skular er bygde, Før prosjektet
starta og bruer vart bygde, var det
mest uråd å nå fleire av landsbyane.

"Kornkammer" for provinsen.
Kraftig vekst i kornproduksjonen har
gått frå mangel til stort overskot.



Aktivisering av kvinner der dei m.a. lærer å lesa. Kan mor lesa lærer også barna.

Dette U-landsprosjektet, som er eit samarbeid mellom Rogalandsjordbruket, Det norske Misjonsselskap og den lokale kyrkja i Kamerun, har utført eit kjempearbeid i Meng, Gadjiwan og Galim områda

Nå blir det ei kjempeutfordring når dei skal til i Sambolabbo området som ligg mot grensa til Nigeria. Det er eit område på 1000 km² (om lag som Hjelmeland kommune, har 26 landsbyar med ca 16.000 innbyggjarar, Det er isolert og vanskeleg tilgjengeleg. Det er ikkje veg dit i

regntida, og dei fleste elvane manglar bruer. Analfabetismen er på 99%

Der er det behov for bruer og vei, reint vatn, rettleiing innan jordbruk, husdyr og kvinnevertta aktivitetar. Arbeidet med å få kvinnene meir synlege i landsbyane er viktig i dette området.

Opplysningar og bilete er frå ein brosjyre som er laga for prosjekta i Kamerun.

Liv



Varhaug bondelag

Nytt styre.

Leiar: Ole Andreas Aarsland

Nestleiar: Jon Lea

Sekretær: Sigmund Ueland

Kasserar: Kristin Skrettingland-Haarr

Studieleiar/It-sjef: Leiv Kristian Skrettingland



Plastinnsamlinga

Då 4H sist samla inn plast 13. oktober, fekk dei inn 13,8 tonn. Så mykje har dei aldri motteke før.

Dette må vera eit godt teikn på at folk har vorte meir miljøbeviste





BARONESSE GJØR VEGGENE DINE SILKEMATTE OG FLOTTE Å SE PÅ



I Fargerike setter vi vår ære i å levere anerkjente kvalitetsprodukter produsert for norske forhold. Våre dyktige fagfolk

gir deg gode råd om alt fra fargevalg og produkter – til hvordan du går frem for best mulig resultat. Velkommen innom!

Finn din lokale butikk på: www.fargerike.no



Velger du interiør-farger sammen med en av våre kunderådgivere – med utgangspunkt i vårt fargekonsept – garanterer vi at du blir fornøyd med fargevalget.

Er du ikke fornøyd med fargevalget etter to strøk, gir vi deg maling til et tredje strøk gratis!



198,-

Pr. spann
3 ltr.
emballasje.
Alle farger.

Tilbudet gjelder t.o.m. 30. september.

Velger du Baronesse Veggmalings, får du en løsemiddelfri interiør-maling med mange fordeler: Den lukter lite og dekker svært godt. I tillegg er den lett å påføre og tørker raskt. Resultatet er en silkematt flate med høy slitestyrke som kan vaskes. Prøv den!

Kom innom en av våre butikker og se nærmere på den nye farge-kolleksjonen fra Annett Sturk.

FARGERIKE®
Lytt til erfarne fagfolk



Varhaug ba

100 år i 2008

*Styret i Coop Varhaug
vil med dette utfordra alle på Varhaug,
barn, unge, voksne, pensjonistar, barne-
hagar, skular, lag og organisasjonar
til å koma med idear om korleis
Coop Varhaug skal feira sitt
100 års jubileum i 2008.*

*Kom med forslag og send dei inn på e-post:
solvor.salte@varhaug.coop.no
eller lever på Byggmix innan 14. desember.*

Koldtbord nr 1:

Kylling m/mais

Karbonader m/løk

Røykt skinke m/eggerøre

Roastbiff m/løk

Skrettingsalat

Potetsalat kr 115,- pr pers

Koldtbord nr 2:

som nr 1 men med

Reker og egg kr 135,- pr pers

Koldtbord nr 3:

Kylling m/mais

Karbonader m/løk

Reker m/egg

Laks m/eggerøre

Roastbiff m/løk

Røykt skinke m/eggerøre

Waldorfsalat

Potetsalat

Grønn salat kr 155,- pr pers

**Har du husket på
pinnekjøttet til jul?
Det er lurt å få det
heim i god tid!**

Smørbrød

Skinke, roastbiff, laks,
karbonader, reker kr 20,- pr stk

Påleggssfat

4 sorter pålegg, eggerøre og
potetsalat kr 80,- pr pers

Spekemat

Spekeskinke, salami,
fårepølse, fentarull m/pynt,
potetsalat, eggerøre

kr 90,- pr pers

Ferdigmat

Stroganoff m/kjøtt kr 50,- pr pers

Stroganoff m/kjøtt-

deig kr 42,- pr pers

Gryterett m/ris kr 40,- pr pers

Grønn salat kr 10,- pr pers

Okserull kr 160,- pr kg

Sursteik kr 170,- pr kg

Svinerull kr 145,- pr kg

Lammerull kr 190,- pr kg

Inkl. oppskjæring steiking og sjy

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Dette skjer i bygdekvinnelaget:



29. november –

Medlemsmøte på eldresenteret der Åse Marie Varhaug vil visa oss ting ho har laga i sølv.

6. desember –

Julemøte på Lerbrekk skule med Husvegkrinsen.

31. januar –

Då vil det m.a. koma folk frå Bjerkreim for å informera litt om VM i saueklipping.

28. februar –

Møtet vert på Lerbrekk, og Rønnaug Tunheim kjem og viser strikkeprodukta sine. Det vert høve til kjøp.



Mars

er det sonemøte, og det er Bore som er arrangør.

24. april

er laget innbedne til Klokkargarden.

29. mai

vert til det tur til Terland ein flotte hage.

Så tek bygdekvinnelaget ferie.....

Varhaug bondelag



Årsmøte vart halde på Jærmuseet-tirsdag 2. oktober, klokka 19.30. Det møtte 20 personer. Leiar Ole Andreas opna møte med å ynskja alle velkomne. Oppsummering av året.

Det skulle vert med at bondelaget var med på kalveutstillinga på Jærmessa i årsmeldinga. Årsmeldinga vart vidare godkjend.

Både kritikk og forståelse for at bondelaget ikkje var med på Varhaugsmarken. Grillkvelden må me forsetje med. Samarbeid med andre? Arbeidsplan vart vidare godkjend

Vi fekk ei omvisning på vitensenteret. Det var mykje å sjå. De var mange som kom, spesielt på søndagane.

Per Inge Egeland frå Rogaland bondelag var med. Han kommenterte årsmeldinga til Varhaug bondelag. Meinte det var god aktivitet i laget. Han var opptatt av HMS arbeidet. For mange ulukker i landbruket.

Ole Andreas delet ut "vibå" til Tron Stokkeland og Odd-Arild Varhaug som takka for seg i styret. Han ønsket dei nye i styret Leiv Kristian Skrettingland og Oddvar Ueland velkomne. Ole Andreas forsetter som formann. Han takka for tilliten.

Rydding i sentrum

- rydding og pynting til jul

Ryddegjengen er i gang. Mange har i løpet av sommeren og høsten kommentert at sentrum har fått et løft. Ryddigt og fint, med blomster i forskjellige utgaver. Takk til ryddegjengen og gartneretaten i Hå kommune.

Ryddegjengen har utgangspunkt fra garasjen ved Bøén. Her er vester og anna utstyr egnet for dette bruket. Abraham Nord-Varhaug er den som for tiden fungerer som kontaktperson og administrator for ryddingen. Han har konroll på utstyr og tidspunkter. Næringsdrivende i sentrum har gått i samten for å gi ryddegjengen mat etter endt økt. Vi, som næringsdrivende, håper dette skal bidra til at ryddingen skal bli en permanent affære i Varhaug Sentrum. En velfortjent middag/varmrett etter endt økt.

Det nærmer seg jul. De fleste hadde en positiv opplevelse av pyntingen i sentrum i fjor. Mange flotte lys. Nå ser det ut for at vi kan få dette til i år også. Øystein (Bratland) på Megaén og Hallgeir (Hobberstad) på E-verket er sentrale i dette arbeidet.

Da det faktisk er mye arbeid med dette, henstiller vi nå til at frivillige melder seg til å hjelpe til slik at vi kan få et fint, julepynta sentrum.

Rydding — henvendelse til Abraham Nord-Varhaug

Julepynting — henvendelse Håvard Skretting

Rune Odland



Styret i Varhaug

bygdekvinnelag

Aud Håland	leiar
Britt Skretting	nestleiar
Astrid G. Varhaug	sekretær
Kjellaug Aanestad	
Varhaug	kasserar
Leikny Aanestad	styremedlem
Liv Hobberstad	skuleringsleiar
Björg Reime Håland	Varamann
Reidun Aanestad	"
Grethe Skretting	"

Som de kan sjå vart det ikkje dei store endringane etter årsmøtet i september.



4H har innsamling av plast på Fellesen lørdag 15. desember kl. 13.00 - 15.00

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk!

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2 etg. SR bank)

ALT INNEN NYBYGG - PÅBYGG - REHABILITERING



**Magnar
Hellen**

4360 VARHAUG Tlf: 975 21 200 - 51 43 07 34



Litt frå 4H utstillinga


Miriam Dybing fekk bygdekvin-
nelaget sin pokal for ei frami-
frå godt utford 4H oppgåve.

Miriam bur på Nærbø, og har tid-
legare vore med i Påfuglen 4H i
5 år. Nå som den ikkje er meir,
valgte ho å melda seg inn i Svala
4H, der ho har vore med i eitt år.

Miriam er 17 år og er elev
på Godalen vg. skule, der fa-
get er Design og Tekstil.



Mange fine opp- gaver og blide gutter!





JULEGRANA TENNES!
Fredag 30 november kl. 1800!

Velkommen til "julegrøt"
i pakkhuset kl. 1700

Julegrøt, kaffe, julemusikk

Nisser, kjøring med hest og kjerre

Varhaug idrettslag og handelstanden
ønsker vel møtt!

**Vi ønsker dere
en riktig god jul**

Hausttakke- gudstenesta

Denne sundagen har det i mange år vore tradisjon at bondekvinnelaga Oгна/Vigrestad og Varhaug har delt på ansvaret for pyntinga. Etter at det vart slutt på laget i sør, har Varhaug bygdekvinnelag hatt ansvaret aleine,

Det har og vore tradisjon at offeret denne dagen går til "Rogalands-garden" i Kamerun. (les meir om dette annan stad i bladet)

Julegåvetips!

**Abonner
på Varhaugbuen**



I.T. - eit begrep på Varhaug gjennom fleire generasjonar

I.T – eit begrep på Varhaug gjennom fleire generasjonar.

I eit tidlegare nummer av Varhaugbuen, hadde Sverre Varhaug eit innlegg om sentrum av Varhaug, eller "stassjoen" som dei fleste seier.

Nå skal Varhaugbuen ta for seg I.T. og har derfor teke turen til Ingrid Ueland Hansen, eller Ingrid te' Tonning, som me vel alle seier.

Ingrid er fødd på Varhaug i 1923 og her har ho budd heile livet.

Ho var einaste dotter til Ivar Tobias og kona Inger f. Thu.

Dei fekk og ein son i 1927, men han døyde som 2-åring.

(I.T namnet kan altså gå tilbake til begge to).



Varhaugbuen takker Ingrid for kaffi + litt til og ikkje minst for ein "goe drøs". - Liv

Som innflyttar til Varhaug er I.T for meg kledebutikken og alt garnet i kjellaren.

Men I.T. var eit begrep på Varhaug lenge før nybygget stod ferdig i 1963.

Som ein parantes kan eg nemna at Hans, mannen min, var sjåfør hos I.T. seint på 50-talet, og han kørde både material og dremsrøyr til mange gardar rundt på Jæren.

Far til Ingrid reiste som 19 åring til Amerika, der han m. a. arbeidde som sauegjæter dei første åra før han tok land. Han kom heim i 1914, gjekk handelsskulen i 1915 og kjøpte eidedomen på Varhaug i 1916. Då starta han og med trelasthandel. I 1917 gifta han seg, og ein kan trygt seia at han fekk mykje gjort dei første åra han var tilbake i Norge.

I den tida kom materialen med båt til Sandnes, vart så lasta over på tog som frakta det til Varhaug, og så var det med hest og kjerre frå jernbanen og til trelastlageret

Då han i 1919 bygde seg hus, starta han og med landhandel.

Ingrid fortel at dei hadde både bøtter og kar, spiker og glasruter, ja til og med enkelte matvarer hadde dei å selja.

Sidan kona hadde vore førstedame i bedrifta til Jonas Øglænd, vart det og naturleg for dei å handla både med vanlege sykler og lette motorsykler

Ingrid seier at ho nærast vart født i butikken, og at ho ikke var gamle jenta då ho første gongen stod i butikken og skar til vindusglas.

Det var ho heller ikkje då ho vart sendt til Sandnes for å betala sjauarane på kaien og andre.

Ingrid vaks til, men var ikkje noko særleg interessert i butikken. Det var handarbeidslærer ho hadde lyst til å verta.

Slik vart det jo ikkje, men handarbeid av ymse slag har ho alltid vore glad i. Då eg var innom sat ho med eit stort broderi med ei mengd av fargar og berre små sting. Ikkje anna enn imponerende, når ein tenker på den alderen ho er i.

Rundt om i stovene er det mange fine ting som dei flinke hendene

har laga til opp gjennom åra i tillegg til travle dagar i butikken.

Det var helst litt bøse då dei sette opp den store nye butikken. Tenk her kunne damene få det dei trengde både av undertøy og yttertøy i første etasje, mens mannfolka fekk det same i 2.

Og så kjellaren då, der me fann klede til ungane, og ikkje minst det me trong av garn. Rollsegarn frå IT var kjent langt utanfor Varhaug. Det kom folk for å handla klede og garn både frå nord og sør.

Ingrid gifta seg med Tonning Hansen frå Bryne i 1948. Han var ein framsynt mann, som nok hadde mykje å seia på 60-talet då nybygget kom.

Eg trur mest eg kunne laga eit heilt blad berre om Tonning, og alt det han har gjort for bygda, men skal berre nemna dei 3 tinga som eg har mest kjennskap til: skulekorpsset, speedwaybanen på Elgane og ikkje minst Varhaugmarken.

Ingrid fekk det tungt då Tonning døde i 1997, men ho heldt fram med butikken aleine til 2004. Det er nok ikkje heilt lett å slutta av med noko ein har vore involverte i heile livet.

Ingrid seier ho og Tonning hadde mange gode år saman både i butikken og elles. Det var lange og travle dagar for dei begge, men slik vert det nå berre når folk driv for seg sjølv.

Når ho tenker tilbake har ho mange lyse og gilde minne frå butikkrida. Ho tykkjer det er trist at det ikkje er fleire butikkar på Varhaug.

Men nå står det berre at å sjå kva som skjer når nybygget nord for Uelandsgata kjem opp. Her skal Coop inn på gateplan, og så skal det verta husvære i etasjane over.

Så er det berre å håpa at det er ein- kvan som finn Varhaug så interessant at dei vil etablere seg her når lokala hos Bohus og handelslaget vert ledige.



SPAR



VARHAUG

TLF :51430136 • FAKS: 51430019

EPOST: SPAR.VARHAUG@NGBUTIKK.NET



Tilbuda gjelde fredag og lørdag:

Smultring
i laust pr stk

1⁹⁰

Ferske reker

frå Sirevåg,
pr. kg. verforbehold

89⁹⁰

Brus frå Berentsen.

Julebrus 0,33l.
pr. flaske + pant

3⁹⁰

Banan

pr. kg

9⁹⁰

Julekaffi

evergood
pr. Pose (250 gr)

13⁹⁰

Smaksgulrot
i beger

14⁹⁰

Julegavetips!
Matvarer pakket i
flott juletime!

Godt utvalg
i julekaker

Kaker frå Roxman
til einkvar
anledning

Me leverer opp-
skåret frukt og
grønnsaker



Gourmet iskrem
pr ltr

49⁹⁰



BØEN STORKIOSK
SPILL OG KIOSKVARER

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 ÅPNINGSTIDER: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

Svolten?



*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*

Julegavene finner du hos oss!

RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug - tlf. 51 79 83 10



ÅPENT: Man/ons. 7-15.30.
Tir/fre. 7-16. Tor. 7-18.
Lørdag 9-13.

 **VVS EKSPERTEN**
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AN PÅ

coop

Varhaug ba

Coop Varhaug Ba
Stasjonsvegen 24
4360 Varhaug
Tlf 51 79 94 40

Åpningstider:

Coop Mega • Byggmix • Elektrisk • Leker •
Kjøkken & Hjem kl. 09.00- 21.00 (18.00)
Kaféen har åpent til kl. 09.00- 17.00 (15.00)

Vi tar forbehold om utsolgt og trykkfeil

ADVENTSTILBUD fra torsdag 29/11 t.o.m. lørdag 1/12

CRISSLINE
Julelenke

med granbar - 398,-NÅ **299,-**

Adventstake

7 lys - 79,-NÅ **59,-**

ORION

Vindustjerne

249,-NÅ **129,-**

Nissefigurer

.....FRA KR **10,-**

Engler

Høyde 37 cmNÅ **59,-**

Kaféen FREDAG;
åpent til kl. 21.00



**Kranse-
kake-
snadder**

kr **32,-**

FREDAG

PINNEKJØTTNÅ **139,-**

RISKREM M/RØD SAUS.....

30,-

LØRDAG

RISGRØT M/SAFTKR **35,-**

RØMMEGRØT M/SAFTKR **35,-**



Gjelder ikke tilbudsvare

LEKETØY
÷20%



Alle
**BARNE-
KLÆR**

0-8 ÅR **÷20%**



Nissefar - 18 deler

JULESERVICE **199,-**

Julemotiv
SERVIETTER
fra kr

15,-

Gudbrand i lia starter juletresalget fredag 14. desember

Coopén har stort utvalg av julepynt, serviser, leker, hvitevarer, verktøy og mye mer.

Velkommen til en hyggelig julehandel i butikken